




# Strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet 2023 - 2027

Øygarden kommune

# Innhald

1. Forord	3
2. Innleiing	4
3. Føremålet med planen	5
4. Dette skal vi oppnå - satsingsområde	6
5. Idrett, friluftsliv og aktivitet	8
6. Kulturopplevingar	15
7. Frivilligkeit og lokal samfunnsutvikling	22
8. Slik skal vi følgja opp planen - økonomiske konsekvensar og løysingar	28

Digital versjon kan lesast i Framsikt



Copyright Øygarden kommune 2023  
Vedteken av kommunestyret 21.06.2023

Trykk: Aksell | Opplag: 100

Prosjektleiar: Christel Møvik-Olsen

Prosjektmedlemmer: Eli Janett Fosso, Janne Kleppe Kalstad, Ivar Einarsen,  
Unni Elin Sørensen, Grethe Bergsvik, Janne Mo og Bjørn Andersen

Framsidebilete: Livets Portal | Kunstrar: Beate Einen/ Grana i Telavåg | Foto: Alf Alden  
Grafisk utforming: Monica Hovland



# 1 Forord

Saman skal vi byggja eit fyrtårn i vest!

Det er fyrste gongen det er utarbeida ein samla strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit i Øygarden kommune. Planen er ambisiøs og uttrykker visjonar, strategiar, målsettingar og innsatsområde fram mot 2027. Den får fram utfordringane og legg retninga for dei vegvala kommunen må gjera.

Planen femner om tre store satsingsområde, og inneholder oppdrag som legg føringar på gjennomføringa av arbeidet. Den set fokus på mangfaldet i kultur og kulturaktivitetar, folkehelse i form av idrett og friluftsliv og ikkje minst frivilligheita si viktige rolle i samfunnet.

Engasjementet og interessa for planarbeidet har vore stort. Det har vore ei betydeleg medverknad frå innbyggjarane, lag og organisasjonar og frå dei folkevalde.

Vi har også motteke mange innspel i høyringsperioden. Alle ønskja har vi ikkje funne plass til innanfor ein dei fire åra som denne planen omhandlar, men ingen innspel vert gløymde. Dei følgjer saka og vert tekne med i det vidare arbeidet.



**Styringsgruppa vil takke alle som har bidrige med tid, kompetanse, erfaringar, innspel, innhald og bilete. Ikkje minst, takk til administrasjonen som i løpet av kort tid har utført arbeidet og gjort det mogeleg å vedta planen politisk.**



Jan Utkilen  
*leiar for Utval for tenester og levekår*

## 2 Innleiing



Strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet er ei prioritert planoppgåve i revidert Planstrategi for Øygarden kommune 2020-2023. Planarbeidet skal utdjupa og konkretisera dei langsiktige måla og overordna strategiane som ligg i samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden 2022-2034 (KPS).

Hovudmåla for samfunnsutviklinga i Øygarden er:

- Øygarden er ein god stad å bu
- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet
- Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn
- Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn
- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

Berekraftmåla til FN, med vekt på dei åtte prioriterte måla i Øygarden, skal leggast til grunn for arbeidet. Berekraftmål 17, samarbeid for å nå måla, skal vera berebjelken i samfunnsutviklinga i Øygarden.



Rubbegarnståna, Hellesøy | Foto: Heidi Reisegg Endal

### 3 Føremålet med planen

Øygarden er ein kommune i vekst. Fleire innbyggjarar betyr auka fokus på kultur-, idretts- og fritidstilbod, noko som krev langsiktig satsing innanfor området. Kulturfeltet er i stadig endring, og er ein vesentleg samfunnsressurs om vi legg til rette for at den kan utfolda si kraft. Kultur bidreg innan oppvekst, helse, miljø, utdanning, internasjonale relasjonar og ei rekke andre samfunnsområde.

Trendar og forventingar tilseier at kommunen i større grad skal vera ein aktiv/proaktiv samfunnsutviklar. Dette set krav om ein handlekraftig, samhandlande og løysingsorientert kommuneorganisasjon. Øygarden kommune skal ha ei bevisst haldning til samskaping gjennom deltagande demokrati, og bidra til å mobilisera og engasjera fleire innbyggjarar og aktørar til aktiv deltaking i samfunnsutviklinga.

Strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit i Øygarden er eit verktøy i dette samfunnsbyggjar-arbeidet. Planen er strategisk retningsgjevande fire år fram i tid, og inneholder prioriterte oppgåver som skal løysast for å skapa føreseielege samarbeids- og rammevilkår for kultur, idrett og frivilligheitslivet i kommunen.

I planprosessen er det gjennomført fleire medverknadsarrangement. Medverknadsaktivitetane har mobilisert



Opningsfest for ny kommune i Sotra Arena 2020 | Foto: Geir Jensen

ca. 380 personar til å bidra med skriftlege innspel til arbeidet. I tillegg har 116 lag og organisasjonar svart på ei spørjeundersøking i regi av Frivillig Norge. Det er også henta innspel frå tilsette i Øygarden kommune, og gjennomført ein behovsanalyse.

Kunnskap frå desse aktivitetane er summert opp, analysert og lagt fram som politisk drøftingsgrunnlag. Medlemane i kommunestyret, saman med utvala og råda har drøfta innspela, gjort prioriteringar og gitt tilrådingar til oppdrag.

# 4 Dette skal vi oppnå - satsingsområde

Strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet femnar om tre overordna tema- og innsatsområde

- **Idrett, friluftsliv og aktivitet:**

Satsingsområde handlar om å legga til rette for fysisk aktivitet og meistring blandt innbyggjarane våre, uavhengig av alder, interesse og funksjonsnivå. Satsinga skal fremja god folkehelse og livskvalitet, med særleg fokus på å redusera utanforskap blandt barn- og unge og sårbare grupper i befolkninga.

- **Kulturopplevingar:**

Satsingsområde omfattar både skapar-, utøvar- og brukarperspektivet, og handlar om korleis kulturopplevingar bidreg til fellesskap, identitet og tilhørsle.

- **Frivilligkeit og lokal samfunnsutvikling:**

Frivilligkeit og lokal samfunnsutvikling handlar om etablering av frivilligpolitikk, og om å gjera det enkelt å vera frivillig i Øygarden.

Det er fleire mål og delmål i samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden 2022-2034 som er relevante og førande for planen. Særleg viktig er delmålet «Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv». Alle innbyggjarane våre har rett til og krav på eit inkluderande kulturliv. Dette er ei sentral berebjelke i folkehelsearbeidet. God helse vert først og fremst til der vi lever og bur, med



Opningsfest for ny kommune i Sotra Arena

omgjevnader og arenaer som gjer det enkelt for alle å ha ein aktiv kvardag, uavhengig av alder, interesser og funksjonsnivå.

Samfunnsdelen har også viktige mål og strategiar som handlar om samfunns-utviklarrolla. Gjennom dialog kjem det tydeleg fram at innbyggjarane våre viser stor vilje til å bidra med frivilligkeit i sine lokalsamfunn. Både privatpersonar og lag og organisasjonar er opptekne av å løfta fram lokale initiativ og sær preg, og slik bidra til lokaldemokrati og økonomisk, kulturell og sosial verdiskaping i heile kommunen. For å løysa ut dette potensiale er det avgjerande med tettare dialog, samarbeid og samhandling med kommunen, og at lokalsamfunna opplever meirverdi gjennom t.d. auka tilgang til offentlege bygg og anlegg. Samhandling og frivilligheitspolitikk må byggast og utviklast på frivilligheita sine eigne premissar, og kan ikkje koma som ei bestilling eller oppgåveforskyving frå det offentlege.

Strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet skal avklara Øygarden kommune sine ambisjonar for frivilligsektoren, og finna gode modellar for samarbeid og samhandling. Gode system og modellar for samarbeid og samhandling er også viktig for at kommunen som organisasjonen, skal nå målsettinga om å vera «*handlekraftig og innovativ*», ein «*aktiv samfunnsutviklar*» og ein «*open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon*».



Hjeltefjorden Arena og symjebasseng | Foto: Kjell Andersland

## Mål - slik vil vi ha det

### Øygarden er ein god stad å bu

- Øygardssamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn.
- Øygarden har trygge, tilgjengelege og berekraftige transportløysingar.
- Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.

### Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet

- Det er godt å veksa opp i Øygarden.
- Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.
- Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.
- Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.

### Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn

- Straume er styrka som regionalt kraftsenter; både for Øygarden og bergensregionen.

### Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn

- Øygarden kommune er ein klimaanansvarleg og miljøbevisst organisasjon.

### Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

- Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.
- Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.

# 5 Idrett, friluftsliv og aktivitet



Fotballcup, Skålevik | Foto: Monica Hovland

**Satsingsområdet idrett, friluftsliv og aktivitet handlar om å legga til rette for fysisk aktivitet og meistring blant innbyggjarane våre, uavhengig av alder, interesse og funksjonsnivå. Satsinga skal fremja god folkehelse og livskvalitet, med særleg fokus på å redusera utanforskap blant barn, unge og sårbare grupper i befolkninga.**

Barn og unge, særleg i aldersgruppa 6-19 år, er ei viktig målgruppe for organisert idrett. Idrett spelar ei sentral rolle for folkehelsa; både i form av fysiske aktivitet, men også som ein sosial møteplass som skapar identitet og tilhørsle. Pr. i dag er det god dekning av idretts- og nærmiljøanlegg i Øygarden, men det er geografiske skilnader. Særleg rundt Straume er det press på idrettsanlegga. Jf. behovsanalysen er presset mindre i sør og nord.

Idrettsfeltet er i endring, og dei tradisjonelle idrettane opplever fråfall i medlemsmassen. Samstundes oppstår det nye måtar å driva idrett på. E-sport er døme på ein «ny» idrett, som det er etablert klubb for i Øygarden.

Mange er for lite fysisk aktive og dette gir negative utslag på fysisk og psykisk helse. Å legga til rette for at fleire har enklare

tilgang til aktivitetstilbod, er avgjerande for at alle innbyggjarane våre opplever god livskvalitet. Potensialet for å få folk i heile livsløpet til å bli meir fysisk aktive, ligg i stor grad i sjølvorganiserte aktivitetar i nærmiljøet. Innbyggjarane våre har gitt tilbakemelding på at det er behov for fleire møtestadar og anlegg som inviterer til større mangfold av uorganiserte aktivitetar nær der dei bur. Samstundes er det ei utfordring å nå ut med informasjon om dei tilgjengelege bygga/lokala som kan bookast til uorganisert aktivitet i «Aktiv kommune».

Friluftsliv er den vanlegaste forma for aktivitet. Eigenorganisert aktivitet som friluftsliv, når andre grupper enn den organiserte idretten. Nærturløyper, stiar, og turvegar er dei viktigaste anlegga for friluftsliv i kvarldagen. Grøntstrukturar og grøne områder nær sentra, tettstader, bustadområder, skular og barnehagar er spesielt viktig for å auka tal aktive i friluftsliv. Medverknadsarbeidet har også vist at tilgang til sjø, sjøaktivitetar og at strandsona vert sikra for allment bruk til friluftsformål, er viktig.


Ulike grupper har ulike behov. Fysisk tilrettelegging er nødvendig for at friluftslivet skal vera tilgjengeleg for alle grupper i befolkninga. For eldre og personar med funksjon nedsetjing er det behov for tilgang til spesielt tilrettelagde område med parkering, toalett, kort avstand mellom kvilepunkt, god og tilpassa belysning og trinnfrie tilkomstar.

Drøftingsgrunnlag, kartlegging av frivillige lag og organisasjonar i Øygarden og behovsanalysane viser at det er eit stort tilbod innan idrett, friluftsliv og aktivitet i Øygarden, men vi kan bli langt betre på å nå ut med informasjon til innbyggjarane om kva og kvar ulike tilbod finst.

Strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit inkluderer staten sitt krav om ein handlingsplan for idrett og fysisk aktivitet.

**Innan satsingsområdet idrett, friluftsliv og aktivitet vil desse oppgåvene få prioritet i planperioden:**

- Informasjon
- Transport
- Effektiv utnytting og meir fleksibel bruk av bygg og anlegg
- Turløyper, nærturløyper og universell tilrettelegging



Fjordparken, Rong | Foto: Monica Hovland



Kystpassstur, Løkøy | Foto: Monica Hovland

# Strategi - slik gjer vi det

**Vi skal sikra løysingar som møter både innbyggjarane, frivilligheita og kommunen sitt behov for informasjon og samhandling**

**Hovudmål:**

Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

**Delmål:**

Øygarden kommune er ein open, tillitsskapande og tilgjengeleg organisasjon.

**Vi skal sikra at kultur- og fritidsaktivitetar er tilgjengelege for alle gjennom kollektivtilbod eller fleksible transportordningar.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.

**Vi skal legga til rette for fleksibel bruk av offentlege bygg, som fremjar eit mangfold av kultur- og idrettsaktivitetar, og sørga for at informasjon om tilgang er lett tilgjengeleg.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.

**Legga til rette for aktivt friluftsliv ved å prioritera utfartsparkering og tilrettelegging ved dei viktigaste friluftsområda våre.**

**Hovudmål:**

Øygarden er ein god stad å bu.

**Delmål:**

Øygardssamfunnet er eit helsefremjande, inkluderande og trygt samfunn.

**Vi skal redusera eige klimaavtrykk gjennom aktiv miljøleiing.**

**Hovudmål:**

Øygarden er eit klima- og miljøvennlig samfunn.

**Delmål:**

Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon.

**Vi skal fasilitera og mobilisera til samarbeid for å utvikla eit heilsakapleg kultur-, fritids- og idretts-tilbod i kommunen.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.



Bekhilderen | Foto: Heidi Reisegg Endal

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Samla og koordinera informasjon om kultur-, idretts- og fritidstilbod til innbyggjarane våre.	Privatpersonar, lag og organisasjonar har meldt inn at dei saknar ei oversiktleg nettside med informasjon om kultur-, idretts- og fritidstilbod i kommunen. Dette gjeld informasjon om aktivitetar, kvar aktivitetar og anlegg finst, informasjon om universell utforming, kontaktpersonar mm.
Vidareutvikla Aktiv Kommune sin portal slik at fleire kan synleggjera aktivitetar og ressursar som er tilgjengelege for innbyggjarane våre.	Bookingsystemet Aktiv kommune skal vidareutviklast slik at til dømes private aktørar, lag og organisasjonar, musea, kyrkja, bedehus og andre, kan gjera sine lokalar tilgjengelege for booking. Innbyggartorga og biblioteka skal bidra med informasjon og støtte til booking for dei som ikkje er digitale.
Synleggjera bygg og anlegg som er universelt utforma i Aktiv Kommune. Det same gjeld anlegg og møtestadar som tilbyr lågterskel- og gratisaktivitetar.	I medverknadsarbeidet er det kome fram at fleire etterspør aktivitetar og ressursar som kommunen allereie har, men som ikkje er gjort godt nok kjent. Dette gjeld både universelt utforma bygg og anlegg, eller tilbod om aktivitetar som er gratis og/eller lågterskel.
Etablara faste samhandlingsarena med transportteneste i kommunen for å synleggjera kultur- og frivilligheita sine behov og rammer.	Fleksible og berekraftige transportløysingar har høg prioritet i kommunen. I planperioden skal internt samarbeid styrkast for å synleggjera behova for transport innan kultur-, idretts- og aktivitetsfeltet.
Vidareutvikla transportordning med bestillingsbuss/bilar som er fleksible og ressurseffektive både dag/kveld og helg.	Ambisjonen skal gjennomførast i samsvar med handlingsplanen i "Leva heile livet" i 2023 og vidare i heile planperioden.
Etablara trygge løysingar for sårbare grupper som treng transport til kultur-, idrett- og fritidsaktivitetar.	Trygge og tilpassa transportordningar er ein føresetnad for likeverdig deltaking i idretts- og kulturlivet. Kopling mellom frivillige og dei som treng hjelp med transport er ei satsing som er retta mot sårbare grupper som ikkje kan nytta ordinære transporttilbod.
Oppretta frivilligheitskorps for ei tilbringartjeneste som del av ei kommunal transportordning.	
Ta i bruk halltelling i gymsalar og fleirbrukshallar der det er press for å få god oversikt over bruk og kapasitet.	Innbyggjarane etterspør meir fleksibel bruk og tilgang til bygg og anlegg for uorganiserte aktivitetar. For å utnytta dei anlegga vi har best mogleg, treng vi god oversikt over bruk og kapasitet. Ei slik oversikt kan bidra til å frigjera tid til meir uorganisert aktivitet.

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Fordela tid mellom organisert og uorganisert aktivitet basert på kunnskap om arealbehovet til idretten.	Ved å utnytta kapasiteten i bygga betre kan vi få til fleire aktivitetar og ein god balanse mellom organisert og uorganisert aktivitet.
Arbeida for å etablera Fysak-tilbod i tilknyting til all-aktivitetstilbod på Ågotnes og Straume.	Innbyggjarar etterlyser tilgang til open hall og FYSAK-tilbod. Dette er eit viktig verktøy for folkehelsa, og for å møta etterspørsele etter meir uorganisert aktivitet. Vi må både legge til rette for uorganisert aktivitet som FYSAK-tilbod/open hall og ivareta tilrettelegging for den organiserte idretten.
Planlegga og tilrettelegga for fleirbrukskall på Rong stadion.	
Planlegga for fleire fotballhallar.	
Planlegga for nytt symjeanlegg sør i kommunen.	
Utvikla rutinar og system for korleis vi skal ivareta kulturfeltet og frivilligheita sine behov ved etablering, rehabilitering, eventuelt sal/avhending av kommunale bygg.	Ambisjonen handlar om å sikra breidda av kulturfeltet sine behov ved til dømes bygging av ny ungdomsskule på Bildøy, og å sikra sambruk ved etablering av ny vidaregåande skule på Straume. Kommune skal også utarbeida oppdatert kunnskap om dei langsigktige behova for bygg/anlegg, og sikra at behovsanalysane blir tatt omsyn til i eigedomsstrategien til kommunen.
Etablara e-sport aktivitet sør og vest i kommunen, og arbeida for å finna areal som eignar seg for simulerte aktivitetar ute.	Pr. d.d. er det tilrettelagt infrastruktur for e-sport på Liljevatnet skule, Sotra Arena , Frihuset og Hjeltefjorden Arena. E-sport tilbod i sør og vest vil difor bli prioritert.
Arbeida fram nødvendig kunnskapsgrunnlag som sikrar gjennomføring av berekraftig rehabilitering av kunstgrasbanene i Øygarden.	Arbeida fram nødvendig kunnskapsgrunnlag som sikrar gjennomføring av berekraftig rehabilitering av kunstgrasbanane i Øygarden.
Vidareutvikla behovsanalyesen med framskriving av folketal, oppdaterte medlemstal og meir underliggende data, slik at kunnskapen kan brukast treffsikkert som grunnlag for Øygarden kommune sin langsigktige investeringsplan.	Behovsanalyesen må vidareutviklast slik at den kan bidra til tydelege frampeik innan behov og plassering, og kva type anlegg vi bør satsa på for uorganisert og organisert idrett og aktivitet. Analysen skal avklara om det er nok areal tilgjengeleg for framtidig utvikling. Sistnemte må handsamast i arealdelen til kommuneplanen for Øygarden.
Oppgradera dei nærturløypene, turstiane og turvegane vi allereie har med nødvendig skilting og fasilitetar.	I planperioden er behov for å oppgradera og betra kvaliteten på dei turløypene vi har, framfor å etablara nye. Betre fasilitetar kan handla om skilting, parkering, toalett, lys, benkar, aktivitetar osb. Prioriteringar må sjåast i samanheng med handlingsplanen for friluftslivets ferdsselsårer. Vi skal også finna gode digitale løysingar for å gjera turløyper med aktivitetar godt kjent.

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Fleire bosspann og toalettfasilitetar i friluftsområda.	
Oppgradera og forbetra kvaliteten på løyper som er universelt utforma, og sikra universell tilkomst til sjø.	For at fleire skal få tilgang til natur og naturopplevelingar må kvaliteten på universelle løyper oppgraderast. Universelt utforma turløyper som har god kopling til øvrig løpenett skal oppgraderast til sertifisert standard. Vi skal også sikra universell utforming på offentleg badeplass. Det må leggast til rette med toalett og for parkering.
Sjå på moglegheiter for å få laga universelle turløyper parallelt med utbygging av bustadfelt, vegutbygging o.a.	
Kartlegga gode ro- og padleløyper saman med BOF, og sikra god informasjon om løyper og fasilitetar.	Kartleggingsarbeidet handlar bl.a. om å skapa god oversikt over parkering, god tilkomst til sjø, lett sjøsetting av kajakk, overnattingsmoglegheit mm. Kunnskapen skal nyttast i arbeidet med arealdelen til kommuneplanen, bl.a. som grunnlag for å peika ut offentlege badeplassar og sikra god tilkomst til sjø.
Arbeida for å realisera dei tre prosjekta BOF har spelt inn i Øygarden kommune, hytte på Hitsøy, badevik/friluftsområdet Sætravika og badevik/friluftsområde Ovågen.	
Legga til rette for ekstremsport «Himmel og hav».	



Sjøaktivitetar i Øygarden | Foto: Kyrre Flotve

# 6 Kulturopplevingar

**Satsingsområde kulturopplevingar omfattar både skapar-, utøvar- og brukarperspektivet. Kommunen sit på ei rekke verktøy for å oppnå dette, alt frå rolla som byggeigar, til å ha eigne ressursar med ulik kompetanse internt. Kommunen skal sikra organisatoriske og økonomiske verkemiddel innan det breie kulturfeltet som fremjar kvalitet, profesjonalitet, utvikling og samhandling i heile kommunen. For å stimulera til ei meir berekraftig utvikling, må kommunen arbeida på tvers av fag og sektorar i kommunen og saman med sivilsamfunnet.**

Nasjonalt vert det arbeidd med ein strategi for kulturfrivillighet der det særleg vert satsa på den lokale og regionale kulturen. Strategien skal legga til rette for eit samspel mellom den profesjonelle og frivillige kulturen og bidra til målet om brei deltaking og tilgang på møteplassar og kulturarenaer over heile landet. Eit aktivt og engasjerande kulturliv er viktig både på individ- og samfunnsnivå. Alle skal ha rett til å delta i kulturaktivitetar og få del i kulturopplevingar.

Øygarden har ein særleg langstrakt geografi der behovet for kulturutvikling treff både by og bygd. Som nest største kommune i Vestland har vi eit sterkt regionsenter med viktige



Øygarden kulturskule | Foto: Jørar Ingvaldsen

regionale tenester, handel-, kultur- og fritidstilbod. Samtidig har kommunen fleire viktige bygder og stadar med deira heilt særeigne identitet. Det er nettopp dette samspelet mellom bygd og regionsenter som gir ei potensielt sterk drivkraft i kulturutviklinga.

Kulturen skal gje identitet, men også løfta oss opp og gje verdifulle opplevingar til oss som individ og fellesskap. Kommunen sitt kulturarbeid er ein viktig faktor innanfor fleire felt; stadutvikling, nærings- og reiselivssatsing, integrering av nye innbyggjarar, folkehelse, kulturarv for å nemna noko. Eit rikt og variert kulturliv er med på å skapa ein attraktiv kommune der folk vil bu og næringslivet investerer og utviklar seg.

## Disse områda vil ha eit særleg fokus i planperioden:

- Formidling av kulturarv, historie og identitet
- Utvikling av kunst og kultur i kommunen
- Barne- og ungdomskultur
- Kulturskulen

## Strategi - slik gjer vi det

**Vi skal arbeida systematisk med å formidla historie og kulturarv for å styrka identitet, tilhørsle og samfunnsengasjement hos innbyggjarane våre.**

**Hovudmål:**

Øygarden er ein god stad å bu

**Delmål:**

Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokal-samfunn.

**Vi skal aktivt legga til rette for utviklinga av kunst og kultur i kommunen, og styrka Straume som eit kulturelt regionsenter.**

**Hovudmål:**

Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn

**Delmål:**

Straume er styrka som regionalt kraftsenter; både for Øygarden og bergensregionen.

**Vi skal arbeida for eit raust og inkluderande samfunn som fremjar identitet og fellesskap.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Det er godt å veksa opp i Øygarden.

**Gjennom kulturskulen skal vi ta vare på og skape eit mangfold av kunst og kulturfag i samarbeid. Vi skal stimulera til læring, oppleving, og å skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk i samarbeid med skulen og kulturlivet.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.

**Vi skal samarbeida for å legga til rette for aktivitetar for eldre, og med særskild fokus på demente.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden er eit inkluderande og aldersvenleg samfunn.

**Vi skal tilby fritids- og kulturtilbod i kommunen som er tilpassa alle aldersgrupper, interesser og funksjonsnivå.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.



Straume sjøfront | Foto: Monica Hovland

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Etablira eit systematisk samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og Museum Vest for å styrka rolla til musea som kulturarena og kulturformidlar.	For å ivareta og formidle kulturarenaer som frivillige samlingar representerer, vil vi prioritere eit meir systematisk samarbeid mellom kommunen, frivillige lag og Museum Vest. Prioriterte kulturminne skal løftast fram, slik at ein kan fortelje historia om dei og sette dei i kontekst på ein måte som skapar engasjement og forståing. Slik vert dei også ein ressurs, både for lokalsamfunnet og for dei som er på besøk.
Laga eigen museumsplan.	
Oppretta eit kystkultursenter.	
Nytta Fjell festning som konsertarena.	
Etablira eit prosjekt og metodikk for å kartlegga ressursar, sær preg og identitet i bygdene våre, saman med lokalsamfunnet.	Det er eit viktig mål å vidareutvikla bygdene våre til å vera gode plassar å bu, arbeida og besøka. Saman med lokalsamfunna skal kommunen ta initiativ til å kartlegga kva ressursar som er tilgjengeleg i bygdene, og viktige kulturminne, identitet og sær preg. Gjennom godt samarbeid vil vi skapa moglegheiter til å ta kulturminna- og miljøa inn i arbeidet med stadutvikling, og gjera dei til ein integrert del av opplevinga av staden vi er på. Å setja større fokus på kultur som næring er viktig i dette arbeidet. Gode løysingar for innbyggarinvolvering og metodikk vert vesentleg, til dømes gjennom oppretting av nærmiljøutval.
Legga til rette for eit livssynsnøytralt seremonirom.	Kommunen har ikkje eit eige livsnøytralt seremonirom i dag. Kommunestyret vedtok 15.12.2022 i økonomi- og budsjettplanen at kommunen skal legge til rette for eit livsnøytralt seremonirom. Dette oppdraget er sett i arbeid/følgjt opp.
Styrka innbyggartorga og biblioteka som ein demokratisk arena, blant anna gjennom meir aktivitet og politisk debatt.	Innbyggartorga og biblioteka er ein viktig demokratisk arena, og har hove til å setta dagsorden når det gjeld det offentlege ordskiftet. For å styrka denne rolla vert det avgjerande med utvida opningstider, meir arrangement og oppdaterte aktivitetskalendrar.
Vidareutvikla arbeidet med internasjonale vennskaps-/samarbeidsavtale.	Gjennom internasjonale vennskaps- og samarbeidsavtalar skal kommunen legga til rette for kulturutveksling og møte barn og unge frå ulike land.
Arbeida for eit større kulturhus på Straume.	Ei kulturell storstove på Straume må bygga opp under urbaniteten til regionsenteret. Eit større kulturhus må innehalda tilsette, utstyr og kompetanse som dei mindre kulturhusa i kommunen ikkje innehar, nettopp for å styrka samspelet i kulturutviklinga i heile kommunen. Dette er eit viktig oppdrag i samband med å styrka Straume som regionsenter.
Utvikla Stovevatnet til rekreasjon og kulturtildobd.	
Stimulera til kunst i det offentlege rom, blant anna i offentlege bygg og område.	Kunst og kultur er eit viktig verktøy for å fremja fellesskap, gode opplevingar, inkludering og toleranse, og stimulera til læring og kreativitet. Gjennom rolla som byggeigar og samfunnsutviklar vil kommunen legga til rette for meir bruk av kunst og kultur som fremjar identitet og tilhørsle.



Namn	Skildring
Styrka og vidareutvikla det interkommunale kultursamarbeidet i Region Vest (IKKUS).	Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom kommunane Alver, Askøy, Bjørnafjorden og Øygarden. Det vert arrangert årleg konferanse for alle kulturtilsette i kommunane. IKKUS er også samarbeidsleddet i fylkeskommunale og internasjonale prosjekt.
Vidareutvikla ordninga med Den Kulturelle Skulesekken (DKS) i kommunen for å sikra at alle skuleelevar får oppleva profesjonell kunst og kultur kvart år.	Den Kulturelle Skulesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som sikrar at alle skuleelevar i Noreg får oppleva profesjonell kunst og kultur kvart år. I dag får alle elevar, frå 1. klasse i grunnskulen til 3. trinn på vidaregåande skule, oppleva profesjonell kunst og kultur gjennom DKS. Vi samarbeider i dag med alle skulane i Øygarden for å legge til rette for eit profesjonelt kultertilbod for skuleelevar.
Sikra at Den Kulturelle Bæremesien (DKB) vert ei systematisk satsing inn mot barnehagane våre.	DKB er eit ledd i kunst- og kultursatsinga på barn og unge og rettar seg mot dei minste barna i alderen 0-6 år som går i barnehagar i kommunen. Målet er å gje barn opplevelingar av kunst og styrke, og stimulera til refleksjon, undring og kreativitet.
Samarbeida med frivilligheita for å legga til rette for fleire arenaer der barn og unge kan bytta eller få tilgang til fritidsutstyr, som til dømes BUA.	Frivilligentralane er ein viktig organisator i å bl.a. bidra til ombruk, bytte, reparasjon og miljøsmarte løysingar. Frivillige lag og organisasjoner skal støttast i å organisera dagar for bytte, gje bort eller selja aktivitetsutstyr. BUA på Ågotnes skal sjå på automatiserte BUA satellittar på hjul, for gratis utlån av aktivitetsutstyr fleire plassar i kommunen.
Utvikla ungdomsklubbane våre som del av ei heilskapleg ungdomssatsing med fokus på relevante og mangfaldige møteplassar og aktivitetar.	Ungdomsklubbane, med uorganisert aktivitet/lågterskeltilbod, er eit svært viktig supplement for ungdommen i kommunen. Det er behov for å utvida dette tilboden, slik at barn og unge får oppleva sosialt fellesskap, meistring og tilhørsle, uavhengig av interesser og økonomiske ressursar. MOT-verdiane skal stå sterkt.
Oppretta fleire ungdomsklubbar med faste dagar fleire gonger i veka i heile kommunen.	
Få opp aktivitet i områder med aukande problem i ungdomsgruppa.	
Fast tilsette i ungdomsklubbane.	
Ha ungdomar med i styra for aktivitetar tilrettelagt for ungdom.	
Innføra aktivitetskort for barn og unge.	

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Sikra oppfølging og gjennomføring av MOT-programma.	<p>Kommunen har vedtatt å følgje dei 3 MOT-programma:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. MOT – skuleprogram Robust Ungdom</li> <li>2. Skulen som samfunnsbyggjar</li> <li>3. Kommunen som samfunnsbyggjar</li> </ol> <p>Vedtaket skal følgjast opp som ein del av gjennomføringa av planarbeidet.</p>
I planperioden skal det arbeidast for å finna løysingar på å desentralisera fleire kulturskuletilbod, og finna eigna lokal til dette. Når ein planlegg «nye» skule- og kulturbygg skal kulturskulen takast med på råd.	<p>Innspela frå medverknadsarbeidet viser at fleire ønsker seg desentralisert undervisningstilbod innanfor kulturskulen. Kulturskulen gir i dag eit tilbod på 16 av 21 skular i kommunen. Tilboden varierer frå skule til skule, kvart skuleår. I dag har ein t.d. berre undervisning i visuelle kunstfag på Liljevatnet. I planperioden skal det arbeidast for å finna løysingar på å desentralisera fleire av tilboda, og finne eigna lokal til dette.</p>
Styrka kulturskulen som eit kompetansesenter innan musikkterapi og tilrettelagt undervisning.	<p>Øygarden kulturskule gir i dag eit brent tilbod innan musikkterapi og tilrettelagt undervisning til barnehagar, skular og institusjonar. Tilboden opplever aukande etterspurnad, og pr. i dag kan ikkje kulturskulen dekka behovet. I planperioden skal det arbeidast for å finne løysingar for å utvida tilboden.</p>
Etablera kulturskuletilbod for eldre.	
Etablara og systematisera arbeidet med syngande kommunar.	<p>I ein syngande kommune er målet at innbyggjarane skal ha tilgang til eit inkluderande songtilbod. Aktivitetane rettar seg mot både barnehage, skule, eldreomsorg og psykisk helsearbeid. Etablering av demenskor er eit døme. Kyrkja og andre livssynssamfunn kan her vera viktige samarbeidspartar. Satsing må også sjåast i samanheng med t.d. eit desentralisert tilbod i kulturskulen.</p>
Vidareutvikla og systematisera samarbeidet med omsorgssektoren for å utvikla gode kunst- og kulturprosjekt for seniorar, blant anna gjennom Den Kulturelle Spaserstokken (DKSS).	<p>Kommunen har i dag eit samarbeid for å legga til rette for profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa seniorane. I dag er det 6 institusjonar i kommunen som får eit tilbod. Gjennom prosjektet ønsker vi å vidareutvikla og systematisera tilboden. DKSS er eit viktig bidrag, og skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Kulturtilboden skal tilpassast ønsker frå dei eldre, og vera tilgjengeleg på arenaer dei har i daglelivet sitt. Den kulturelle spaserstokken bidreg til å styrke det gode samarbeidet mellom kultur- og helsesektoren.</p>
Arbeida for at fleire kulturopplevelingar og -uttrykk blir universelt tilpassa, og sikra god informasjon om tilrettelegginga.	<p>Arbeida vidare med å sikra universell tilrettelegging i skranke, sceneområde og møterom på innbyggartorg og bibliotek på Straume, Rong og i Skogsskiftet.</p>



MOT på Rongesundet bru | Foto: Ingunn Teigen

# 7 Frivillighet og lokal samfunnsutvikling

**Frivillighet og lokal samfunnsutvikling** handlar om etablering av frivilligpolitikk, og om å gjøre det enkelt å vera frivillig i Øygarden. Drivkrafa i frivillig arbeid er kvar enkelt person si glede ved å gjera noko for sitt sosiale nettverket, sitt nærområde eller si hjartesak. Det er dei frivillige sjølve som avgjer kva aktivitet dei bidreg med og omfanget av denne. Frivillig engasjement og dugnadsinnsats er i seg sjølv eit gode, og bidreg til demokrati, tillit og livskvalitet.

Viljen til frivillig innsats i Øygarden er stor, og utgjer grunnpilaren i barn og unge, vaksne og eldre sine fritidsaktivitetar.

I Øygarden er det nær 400 frivillige organisasjonar og grupper. Desse er innanfor kategoriene idrett/friluftsliv, song/musikk/teater, kunst-/historieformidling, speidar/ungdomslag, humanitært arbeid, helse, hobby/husflid, politikk, fagforeining, natur/klima/miljø, beredskap, forsamlingslokale, nærmiljø/bygdeutvikling, skyttarlag, tru/livssyn, grunneigarlag, interesseorganisasjon med fleire.

Godt samarbeid mellom kommunen og alle desse er heilt avgjerande om vi skal lukkast med å skapa gode nærmiljø og stader å bu for alle innbyggjarane våre. Frivilligheita er



Kåring av månaden frivillig i 2022 | Foto: Julia Valenska Woehlert

samtstundes eit viktig supplement til offentleg tenesteyting på velferdsfeltet. Utfordringane i helse- og omsorgssektoren generelt er omfattande og komplekst. Men desse utfordringane kan også gje nye moglegheiter og innovative måtar å tenka omsorg på; på tvers av forvaltningsnivå, fagmiljø og frivilligheita.

Velferdsmodellen er under press og treng ei fornying. For å skapa aktivitetar som supplerer dei offentlege omsorgstenestene, er det behov for eit tettare samarbeid med frivillige organisasjonar. Systematisering av partnarskap er viktig. Frivilligpolitikken må skapast i lag. Kommunen si rolle er å skapa gode rammevilkår, dialog og arena for samarbeid og samskaping.

## Desse områda får prioritet i planperioden:

- Skapa gode rammevilkår for frivilligheita – økonomi, rettleiing og arena for dialog.
- Saman med frivilligheita, systematisera rollene våre som aktive samfunnsutviklarar.
- Systematisk samarbeid med lokalsamfunna – innbyggjarinvolvering

## Dei ti frivilligheitspolitiske bod

1. Kjenn frivilligheita i kommunen din.
2. Vedta ein tverrsektoriell communal frivilligheitspolitikk.
3. Anerkjenn frivilligheita sin eigenverdi.
4. Forenkling gir meir frivilligkeit.
5. Tilrettelege for frivilligheita si eigenutvikling.
6. skap dialog med frivilligkeit.
7. anerkjenn og støtt opp om frivilligheita sin merverdi.
8. Gi frie midlar.
9. Ikkje konkurrer med frivilligheita.
10. skap føreseielege vilkår for frivilligheita

Kjelde: [frivilliheitnorge.no](http://frivilliheitnorge.no)



## Strategi - slik gjer vi det

**Vi skal sikra frivilligheita gode rammevilkår, slik at dei kan bidra med gode aktivitetstilbod til innbyggjarane våre.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit variert og inkluderande kultur-, fritids-, idretts- og frivilligheitsliv.

**Vi skal ta rolla som aktiv samfunnsutviklar ved å koordinera, mobilisera og samarbeida for å nå måla våre.**

**Hovudmål:**

Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

**Delmål:**

Øygarden kommune er ein aktiv samfunnsutviklar og ansvarleg samfunnsaktør.

**Vi skal mobilisera innbyggjarane til å bidra med tiltak som skapar trivsel og fremjar identitet i eigne lokalmiljø.**

**Hovudmål:**

Øygarden er ein god stad å bu.

**Delmål:**

Øygarden har attraktive senter og gode og aktive lokalsamfunn.

**Gjennom tidleg innsats og eit heilskapleg fokus på livsløpet skal vi arbeida for å førebygga utanforskap for alle aldersgrupper.**

**Hovudmål:**

Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.

**Delmål:**

Øygarden har eit tenestetilbod som fremjar god folkehelse.

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Finna og ta i bruk ei digital løysing som forenklar dialogen mellom kommune og frivilligheita.	Frivilligheita og tilsette i kommunen etterspør ei digital løysing som gjer dialog og kommunikasjon om tilbod og behov enklare. Val av digital løysing må skje i tett dialog med frivilligheita. Innbyggartorga og biblioteka skal til ei kvar tid sikra god informasjon og gje støtte til dei som ikkje er digitale.
Etablera tydleg kontaktpunkt og ei dør inn som bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.	Arbeidet handlar om å definera ei tydleg 1.linjeteneste. Som ledd i dette arbeidet er det behov for å systematisera og skapa fellesforståing for dei oppgåvane som ligg til aktivitets- og frivilligkoordinatorane, frivilligsentralane, aksjonssenteret og innbyggartorga og biblioteka i møte med frivillig sektor.
Koordinera og forenkla tilskotsordningane, og minimera krav til dokumentasjon og rapportering der det er mogleg.	Ambisjonen handlar om å møta frivilligheita sitt ønskje om betre informasjon, rettleiing og mindre byråkrati knytt til tilskotsordningane.
Sikre gode rammeverk for frivillige organisasjonar som kan supplera/utfylla det offentlege tilbodet.	Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.
Gå gjennom ordninga med faste driftsmidlar og vurdera ei ordning med "friare midlar", slik at frivilligheita kan skapa aktivitet for sårbare grupper i alle aldrar.	Nokre lag og organisasjonar har faste driftsmidlar i dag (etter vedtak frå dei gamle kommunane). Ordninga må evaluerast og det må etablerast og vedtakast kriteria for tildeling, varighet og rapportering.
Aktivt søka prosjektmidlar som kan delast ut til lag og organisasjonar, slik at dei kan skapa aktivitet innan tilskotsordninga si målsetting.	Øygarden kommune skal til ei kvar tid halda seg orientert om og aktivt søkja tilskot frå regionale og nasjonale program/prosjekt som kan støtta opp om frivilligheita lokalt.
Identifisera og definera kontaktpersonar for frivilligheita på tvers av kommuneorganisasjonen, samordna ressursane og sikra at vi samarbeider og støttar frivillige på ein omforeint og lik måte.	Medverknadsarbeidet har vist at vi manglar rutinar for samhandling på tvers av kommuneorganisasjonen. Det er behov for å etablera felles rutinar for korleis vi samhandlar; både internt i kommuneorganisasjonen og ut mot frivillige organisasjonar og lag. Betre rutinar handlar også om å definera ei samla rett-leiingsteneste i kommunen som på ein tverrfagleg måte kan møta frivilligheita sine behov.

# Ambisjonar

Namn	Skildring
Etablera frivilligforum eller tilsvarande arena som fast møtepunkt mellom kommunen og frivilligheita.	Medverknadsarbeidet har vist at det er behov for eit frivilligforum. Forumet skal vera ein jamleg møtestad for informasjons- og erfaringdeling, kompetansebygging og samskapning. Arenaen skal bringa ressursane i kommunen saman – på tvers av tradisjonelle sektorar. Døme på samskapingsaktivitetar kan vera rekruttering, eller å utvikla aktivitetar og tenester i samsvar med idear frå sosialt entreprenør-skap og samfunnsentreprenørskap. Alle frivillige organisasjonar skal inviterast inn, det same gjeld kyrkja og andre trussamfunn. For at vi skal nå alle, er det viktig at frivillige lag og organisasjonar er registrert med rett kontaktinformasjon i Brønnøysundregisteret.
Etablera felles forum for frivilligheita.	
Styrka innbyggartorga og biblioteka si rolle som møtestad og arena for frivillige aktivitetar.	Alle innbyggjartorg og biblioteka skal inn i aktiv kommune for å gjera lokala tilgjengeleg for booking og aktivitet. Innbyggjartorg og bibliotek skal også vere meirope, slik at alle med avtale kjem til utanom opningstid.
Systematisera og sikra at innsats for andre/frivillig innsats er praktisert som gjennomgåande tema i barnehage og grunnskule.	I medverknadsarbeidet har lag og organisasjonar meldt inn at det er vanskeleg å rekruttera unge til frivillig innsats. Systematisk opplæring og praktisering av «innsats for andre» i barnehagar og grunnskular skal vera eit verktøy for å understøtta framtidig rekruttering til frivilligheita.
Vidareutvikla og følgja opp frivillig innsats retta mot sårbare eldre, i tråd med handlingsplanen «Leva hele livet».	I handlingsplanen til Leva heile livet er desse tiltaka prioritert: AKTIV +, eit aktivitets- og kulturtilbod: Utvida tilboden til alle kommunedelsentra. Treff +, eit handle- og kulturtilbod: Utvida tilboden til alle kjøpesentera i kommunen. Småoppdrag+: Utvida tilboden til å gjelde heile kommunen.
I samråd med Stiftelsen Verdighetsenteret skal vi evaluera og vidareutvikla modellen for frivillig innsats retta mot sårbare eldre i omsorgssektoren.	Nemnte modell har vore diskutert på internt medverknadsmøte. Her kom det fram at modellen er god grunna frivilligkoordinatorane sin nære kjennskap til sårbare eldre sine ønskjer og behov. Det var også forslag om å ha frivilligkoordinatorar på fleire kommunalområde. Utfordringa har vore at frivilligkoordinatorane ikkje har avsett nok tid som frivilligkoordinator.
Utarbeida ein strategiplan for frivillige i eldreomsorga.	Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.
Samarbeida med frivilligheita for å prøva ut nye måtar å synleggjera frivillige organisasjonar sine aktivitetar.	Frivilligdagen på Sartor skal vidareførast. Saman med frivilligheita skal vi også drøfta og finna fleire måtar å visa fram frivillige aktivitetar på, og slik bidra til å auka rekrutteringa.
Etablara nærmiljøutval, eller tilsvarande i heile kommunen og utarbeida tydelege rutinar og system for korleis vi samarbeider og støttar dei.	Innbyggjarane etterlyser større fokus på lokal/desentralisert samfunnsutvikling, og etterspør fasiliterings- og mobiliseringstøtte; både for å rekruttera frivillige, til idéutvikling for å setja i gang aktivitetar og verdiskaping. For å møta slike behov, og utvikla gode rutinar for samhandling, kan nærmiljøutval i heile kommunen vere løysinga. Å informera om, rettleia og stimulera til auka lokal verdiskaping (økonomisk, sosialt og kulturelt) er ein viktig del av ambisjonen.

## Ambisjonar

Namn	Skildring
Bidra til at prosjektet med Levande Bygd (Klokkarvik) vert videreført.	
Forsamlingshus med toalettfasilitetar i bygdene (Misje, Ekerhovd, Pollen, Grotvika).	
Gjennom dialog med frivilligheita/lokalsamfunnet skal vi synleggjera viktige moglegheiter og utfordringar i folkehelsearbeidet, og stimulera til meir aktivitet for sårbare grupper.	Ambisjonen har som særleg føremål å bidra til at frivilligheita, på eigne premissar, kan utvikla lokale aktivitetar og tilbod retta mot sårbare grupper i alle aldrar. Frivilligforum og ei ordning med nærmiljøutval, skal sikra at informasjon, dialog og samhandling med frivillige og lokalsamfunna er lik i heile kommunen.
Vidareutvikla BUA og frivilligsentralane som inkluderingsaktørar, særleg for låginntektsgrupper og flyktingar.	Frivilligsentralane er ein viktig møteplass mellom busette flyktingar og innvandrarar og lokal frivilligkeit. Her fokuserer ein på mellommenneskelege møte og tiltak der innvandrarar sjølv går inn som frivillige. Å stimulera til fellesskap, tillit og tilhøyrse i lokalsamfunnet; både for innvandrarar og øvrig befolkning er her viktig. Frivilligsentralane sin innsats handlar også om å motarbeida rasisme, diskriminering og utanforskap, samt å auka toleransen og forståinga for mangfold i lokalsamfunna.
Etablira gode rammer for samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillige for å løysa samfunnsutfordringar. Utarbeide gode og forpliktande samarbeidsavtalar der juridiske, økonomiske og tidsmessige forhold er avklart.	I partnarskap kan vi finna nye, innovative og meir berekraftige løysingar på sosiale og samfunnsmessige utfordringar. Å informera om, rettleia og stimulera til auka sosialt entreprenørskap lokalt er ein viktig del av dette oppdraget.
Sikra at strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet vert koordinert med og støttar opp kring pågående arbeid med å utvikla «Plan for førebyggande arbeid for barn og unge i Øygarden kommune.	Øygarden kommune har vedteke å starta opp arbeidet med «Plan for førebyggande arbeid for barn og unge». Vi skal sikra at Strategisk plan for Kultur, idrett og frivillighet m/tilhøyrande relevante oppdrag bidreg til å hindra utanforskap blant barn, unge og sårbare familiar i befolkninga.
Vidareutvikla og følgja opp tiltak knytt til markering, seremoniar og støtte til aktivitetar til veteranar i samsvar med vedteken «Veteranplan for Øygarden 2022.	Kapittel 3 i nemnte plan handlar om tiltak for å anerkjenna veteranane våre. Tiltak i veteranplanen, under markeringar og seremoniar, samt støtte til aktivitetar skal koordinerast med og følgast opp i gjennomføringa av strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet.

# 8 Slik skal vi følgja opp planen

## - økonomiske konsekvensar og løysingar

Strategiplanar skal vera ei konkretisering av mål og strategiar frå samfunnssdelen, og skal til liks med handlingsplanar vera konkrete på korleis vi skal arbeida med oppdrag for å nå måla våre. Gjennom økonomiplanen til kommunen vert det prioritert kva for oppdrag vi skal gjennomføra dei neste fire åra, og det vert sett av midlar til dette. Deretter vert oppdrag og oppgåver fordelt på dei ulike einingane og avdelingane i kommunen, gjennom verksemplanner. Årsmeldinga, som vert utarbeida i løpet av første kvartal kvart år, vil oppsummera kva som er oppnådd i løpet av året som er gått.

### Samanheng i plansystemet

#### Politiske planar

Kva er utfordringane?



Kva skal vi oppnå?



Korleis skal vi bruka  
areala våre for å nå måla?



Korleis skal vi arbeida  
for å oppnå måla?




Kva skal vi gjera dei neste  
fire åra for å nå måla?



#### Administrative planar

Kva skal dei ulike einingane bidra  
med for å følgja opp måla?



Kva vart resultatet?



Samanheng i plansystemet - politiske og administrative planar.

## Økonomiske konsekvensar og løysingar

Strategisk plan for kultur, idrett og frivilligheit har ei varigheit på fire år. Dei fleste oppdragene kan løysast innafor ordinær drift, og vil starta så snart planen er vedteken. Nokre oppdrag vil krevja eige budsjett. Desse vert spelt inn til Øygarden kommune sin økonomiplan for 2024. Der det er råd vil kommunen søkje om ekstern finansiering (regionale og nasjonale midlar). I nokre tilfelle kan det vere aktuelt å søkje finansieringsstøtte frå næringslivet, desse er merka med understrekning i teksten:

Idrett, friluftsliv og aktivitet - Ambisjonar	Innanfor drift	Innspel til budsjett i økonomiplanen	Eksterne midlar
Samla og koordinera informasjon om kultur, idrett og fritidstilbod til innbyggjarar våre.	x		
Vidareutvikla Aktiv Kommune sin portal slik at fleire kan synleggjera aktivitetar og ressursar som er tilgjengelege for innbyggjarane våre.		x	x
Synleggjera bygg og anlegg som er universelt utforma i Aktiv Kommune. Det same gjeld anlegg og møtestadar som tilbyr lågterskel- og gratisaktivitetar.	x		x
Etablira faste samhandlingsarena med transportteneste i kommunen for å synleggjera kultur- og frivilligheita sine behov og rammer.	x		
Vidareutvikling av transportordning med bestillingsbussar/bilar som er fleksible og ressurseffektive både dag/kveld og helg.		x	
Etablira trygge løysingar for sårbare grupper som treng transport til kultur, idrett og fritidsaktivitetar.	x		
Oppretta frivillighetskorps for ei tilbringarteneste som del av ei kommunal transportordning.	x		
Ta i bruk halltelling i gymsalar og fleirbruksshallar der det er press for å få god oversikt over bruk og kapasitet.	x	x	
Fordela tid mellom organisert og uorganisert aktivitet basert på kunnskap om arealbe-hovet til idretten.	x		
Arbeida for å etablira Fysak-tilbod i tilknyting til all-aktivitetstilbod på Ågotnes og Straume.		x	x

## Økonomiske konsekvensar og løysingar

Idrett, friluftsliv og aktivitet - Ambisjonar	Innanfor drift	Innspel til budsjett i økonomiplanen	Eksterne midlar
Planlegga og tilrettelegga for fleir brukshall på Rong stadion.	x	x	
Planlegga for fleire fotballhallar.	x	x	
Planlegga for nytt symjeanlegg sør i kommunen.	x	x	
Utvikla rutinar og system for korleis vi skal ivareta kulturfeltet og frivilligheita sine behov ved etablering, rehabilitering, eventuelt sal/avhending av kommunale bygg.	x		
Etablera e-sport aktivitet sør i kommunen, og arbeida for å finna areal som eignar seg for simulerte aktivitetar ute.	x		
Arbeida fram nødvendig kunnskapsgrunnlag som sikrar gjennomføring av berekraftig rehabilitering av kunstgrasbanane i Øygarden.	x		
Vidareutvikla behovsanalyesen med framskriving av folketal, oppdaterte medlemstal og meir underliggende data, slik at kunnskapen kan brukast treffsikkert som grunnlag for Øygarden kommune sin langsigtige investeringsplan.	x		
Oppgradera dei nærturløypene, turstiane og turvegane vi allereie har med nødvendig skilting og fasilitetar.	x		x
Fleire bosspann og toalettfasilitetar i friluftsområda.	x		x
Oppgradera og forbetra kvaliteten på løyper som er universelt utforma, og sikra universell tilkomst til sjø.		x	x
Sjå på moglegheiter for å få laga universelle turløyper parallelt med utbygging av bustadfelt, vegutbygging o.a.	x		x
Kartlegga gode ro- og padleløyper saman med BOF, og sikra god informasjon om tilbod	x		x
Arbeida for å realisera dei tre prosjekta BOF har spelt inn i Øygarden kommune, hytte på Hitsøy, badevik/friluftsområdet Sætravika og badevik/friluftsområde Ovågen.	x	2023	
Legga til rette for ekstremsport «Himmel og hav».	x	x	x

## Økonomiske konsekvensar og løysingar

Kulturopplevingar - Ambisjonar	Innanfor drift	Innspel til budsjett i økonomiplanen	Eksterne midlar
Etablera eit systematisk samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og Museum Vest for å styrka rolla til musea som kulturarena og kulturformidlar.	x		
Laga eiga museumsplan.	x		
Oppretta eit kystkultursenter.	x		
Nytta Fjell festning som konsertarena.	x	x	
Etablera eit prosjekt og metodikk for å kartlegga ressursar, sær preg og identitet i bygdene våre, saman med lokalsamfunnet.	x		
Legge til rette for eit livssynsnøytralt seremonirom.		2023	
Styrka innbyggartorga og biblioteka som ein demokratisk arena, blant anna gjennom meir aktivitet og politisk debatt.	x		
Vidareutvikla arbeidet med internasjonale vennskaps/samarbeidsavtale.	x		x
Arbeida for eit større kulturhus på Straume.		x	
Utvikla Stovavatne til rekreasjon og kulturtilbod.		x	
Stimulera til kunst i det offentlege rom, blant anna i offentlege bygg og område.	x	x	x
Styrka og vidareutvikla det interkommunale kultursamarbeidet i Region Vest.	x		
Vidareutvikla ordninga med Den Kulturelle Skulesekken i kommunen for å sikra at alle skuleelevar får oppleva profesjonell kunst og kultur kvart år.	x		x
Sikra at Den Kulturelle Beremeisen vert ei systematisk satsing inn mot barnehagane våre.	x		
Samarbeida med frivilligheita for å legga til rette for fleire arenaer der barn og unge kan bytta eller få tilgang til fritidsutstyr, som til dømes BUA.	x		x

## Økonomiske konsekvensar og løysingar

Kulturopplevingar - Ambisjonar	Innanfor drift	Innspel til budsjett i økonomiplanen	Eksterne midlar
Utvikla ungdomsklubbane våre som del av ei heilskapleg ungdomssatsing med fokus på relevante og mangfaldige møteplassar og aktivitetar.		x	x
Oppretta fleire ungdomsklubbar med faste dagar fleire gonger i veka i heile kommunen.		x	
Få opp aktivitet i områder med aukande problem i ungdomsgruppa.		x	
Fast tilsette i ungdomsklubbane.		x	
Ha ungdomar med i styra for aktivitetar tilrettelagt for ungdom.	x		
Innføra aktivitetskort for barn og unge.		2023	
Sikra oppfølging og gjennomføring av MOT programma.	x		
I planperioden skal det arbeidast for å finna løysingar på å desentralisera fleire kulturskuletilbod, og finne eigna lokal til dette. Når ein planlegg «nye» skule- og kulturbyggar skal kulturskulen takast med på råd.		x	
Styrka kulturskulen som kompetansesenter innan musikkterapi og tilrettelagt undervisning.		x	
Etablera kulturskuletilbod for eldre.	x		x
Etablera og systematisera arbeidet med syngande kommunar.	x		x
Vidareutvikla og systematisera samarbeidet med omsorg sektoren for å utvikla gode kunst- og kulturprosjekt for seniorar, blant anna gjennom Den Kulturelle Spaserstokken (DKSS).	x		x
Arbeida for at fleire kulturopplevingar og -uttrykk blir universelt tilpassa, og sikra god informasjon om tilrettelegginga.	x	2023	

## Økonomiske konsekvensar og løysingar


Frivilligkeit og lokal samfunnsutvikling - Ambisjonar	Innanfor drift	Innspel til budsjett i økonomiplanen	Eksterne midlar
Finna og ta i bruk ei digital løysing som forenklar dialogen mellom kommune og frivilligheita.		x	
Etablera tydleg kontaktpunkt og ei dør inn som bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.	x		
Koordinera og forenkla tilskotsordningane, og minimera krav til dokumentasjon og rapportering der det er mogleg.	x		
Sikre gode rammevilkår for frivillige organisasjoner som kan supplera/utfylla det offentlege tilbodet.	x		x
Gå gjennom ordninga med faste driftsmidlar og vurdera ei ordning med "friare midlar", slik at frivilligheita kan skapa aktivitet for sårbarer grupper i alle aldrar.		x	
Aktivt søka prosjektmidlar som kan delast ut til lag og organisasjoner, slik at dei kan skapa aktivitet innan tilskotsordninga si målsetting.			x
Identifisera og definera kontaktpersonar/koordinatorar for frivilligheita på tvers av kommuneorganisasjonen, samordna ressursane og sikra at vi samarbeider og støttar frivillige på ein omforeint og lik måte.	x		
Etablera frivilligforum eller tilsvarande arena som fast møtepunkt mellom kommunen og frivilligheita.	x		x
Etablera felles forum for frivilligheita.	x		x
Styrka innbyggartorga og biblioteka si rolle som møtestad og arena for frivillige aktivitetar.	x		
Systematisera og sikra at innsats for andre/frivillig innsats er praktisert som gjennomgåande tema i barnehage og grunnskule.	x	x	
Vidareutvikla og følgja opp frivillig innsats retta mot sårbare eldre, i tråd med handlingsplanen «Leva hele livet».	x		
I samråd med Stiftelsen Verdighetsenteret skal vi evaluera og vidareutvikla modellen for frivillig innsats retta mot sårbare eldre i omsorgssektoren.	x		
Utarbeida ein strategiplan for frivillige i eldreomsorga.	x		

## Økonomiske konsekvensar og løysingar

Frivilligkeit og lokal samfunnsutvikling - Ambisjonar	Innanfor drift	Innspel til budsjett i økonomiplanen	Eksterne midlar
Samarbeida med frivilligheita for å prøva ut nye måtar å synleggjera frivillige organisasjonar sine aktivitetar.	x		
Etablara nærmiljøutval, eller tilsvarende i heile kommunen, og utarbeida tydelege rutinar og system for korleis vi samarbeider og støttar dei.	x		
Bidra til at prosjektet med Levande Bygd (Klokkarvik) vert vidareført.	x		
Forsamlingshus med toalettfasilitetar i bygdene (Misje, Ekerhovd, Pollen, Grotvika).	x	x	
Gjennom dialog med frivilligheita/lokalsamfunnet skal vi synleggjera viktige moglegheiter og utfordringar i folkehelsearbeidet, og stimulera til meir aktivitet for sårbare grupper.	x		
Vidareutvikla BUA og frivilligsentralane som inkluderingsaktørar, særleg for låg-inntektsgrupper og flyktningar.	x		x
Etablara gode rammer for samarbeid mellom kommune, næringsliv og frivillige for å løysa samfunnsutfordringar. Utarbeide gode og forpliktande samarbeidsavtalar der juridiske, økonomiske og tidsmessige forhald er avklart.	x		
Sikra at strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet vert koordinert med og støttar opp kring pågående arbeid med å utvikla «Plan for førebyggande arbeid for barn og unge i Øygarden kommune.	x		
Vidareutvikla og følgja opp tiltak knytt til markering, seremoniar og støtte til aktivitetar til veteranar i samsvar med vedteken «Veteranplan for Øygarden 2022.	x		



Fjell festning | Foto: Tanya Marie Neverdal



**Øygarden kommune**  
**Telefon:** 56 16 00 00  
**E-post:** [postmottak@oygarden.kommune.no](mailto:postmottak@oygarden.kommune.no)  
**Postadresse:** Ternholmvegen 2, 5337 Rong  
**Besøksadresse:** Øygarden rådhus, Foldnesvegen 1, 5354 Straume  
**Nettside:** [oygarden.kommune.no](http://oygarden.kommune.no)